



Jobbnorge-ID: 99269

Søknadsfrist: Closed

Nettside:

Omfang:

Varighet:

DAK- og FDV-ingeniør

Ved Egedomsavdelinga er det ledig ei fast stilling som DAK- og FDV-ingeniør

Egedomsavdelinga (EiA) ved UiB har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av universitetet sin samla bygningsmasse, som omfattar rundt 95 bygningar med i alt 377.000 m², inkl. innleie av 73.000 m². Avdelinga har om lag 100 tilsette og forvaltar eit driftsbudsjett på omlag 400 mill. og eit investeringsbudsjett på omlag 100 mill. **Kontor for ombygging og vedlikehald (KOV)** har det administrative prosjektansvaret for gjennomføring av nybygg, større og mellomstore ombyggingar/ rehabiliteringar.

DAK- og FDV-ingeniør er ein viktig støttefunksjon med ansvar for tekningsarkivet og arbeidet med å sikre gode tilgjengelege data for byggdokumentasjon.

Ansvar og arbeidsoppgåver

- Vedlikehald av tekningsarkiv
- Tilrettelegging av teikningar for FM database
- Teikne mindre endringar og endringsforslag i byggeprosjekt
- Oppfølging og revidering av dak- og fdvu spesifikasjonar
- Bidra til å utvikle malar og prosedyrar
- Ivareta og systematisk jobbe med UiB sitt bygg- og driftsforvaltningssystem

Søkjaren må ha følgjande kvalifikasjonar:

- Ingeniør med byggfagleg bakgrunn, bachelor eller master nivå; (lang og relevant praksis kan kompensere for manglande formell utdanning).
- Ha god erfaring med 3D/2D DAK og BIM
- Gode språkkunnskapar og god evne til å kommunisere munnleg og skriftleg

Vi ser det som et føremon at søkjar har:

- Kunnskap om FDV
- Generelt gode datakunnskapar

Personlege eigenskapar vil bli lagt vekt på og vi ser etter ein person med :

- Evne til å arbeide sjølvstendig, strukturert og som kan prioritere oppgåver og være leveransedyktig
- Initiativrik og løysingsorientert
- ryddig og systematisk
- Serviceinnstilling
- Evne og vilje til å bidra til et godt arbeidsmiljø og samarbeidsklima

Hos oss kan du forvente:

- spennande og utfordrande arbeidsoppgåver.
- opplæring og moglegheit for vidareutdanning og utvikling.
- god pensjons- og forsikringsordning i Statens pensjonskasse.
- bustadlån til gunstige vilkår i Statens Pensjonskasse.
- inspirerende og triveleg arbeidsmiljø.

Her kan du lese meir om kva UiB kan tilby: www.uib.no/poa/karriere-ved-uib

Løn:

Tilsetting i stilling som avdelingsingeniør (kode 1085) ltr. 51-58 eller overingeniør (kode 1087) ltr. 58-68 er avhengig av kvalifikasjonar og bakgrunn. For særleg kvalifiserte søkjarar kan vi vurdere høgare løn.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

- Bygningssjef v/ Kontor for ombygging og vedlikehald Åse Tveitnes tlf. 930 94 919 / 55 58 49 17, mail ase.tveitnes@adm.uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogeleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Søknad og CV skal sendast elektronisk via link på denne sida, «Søk denne stilling» til Universitetet i Bergen. Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom du får melding om dette.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjord offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Søknadsfrist: 14.03.2014

Søknaden skal merkas: 14/93

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: